

ELDRERÅDET I MELAND.

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I ELDRERÅDET 2019

Eldrerådet sine medlemmer m/personlege varamedlemmer vart valde for 4 år av kommunestyret 25.11.2015.

Medlemmer:

Sigurd Knudsen	Meland eldresenter
	” ”
Klara Hansen	Seniordansarane
	” ”
Klara Mongstad	Meland eldresenter
	” ”
Olaug Tveit	Meland Helselag
	” ”
Astrid Anne Fjeldstad	Pensjonistkoret
	” ”
Stian Lavik	ULK
	”
Erling Rønnestad	UDU
	”

Personlege varamedlemmer:

1. Johannes Reigstad
2. Gunnhild Sagstad
1. Alf Sagosen
2. Audhild Sagosen
1. Johannes Fosse
2. Bjørg Hjertås
1. Randi Iden
2. Wenche Ervik Sæle
1. Helge Nygård
2. Hilda Austegard
1. Kjersti Vikebø Nesse
2. Øystein Blom
1. Jon Vidar Sakseide
2. Grethe Wenche Søiland Sæthre

Eldrerådet valde i møte 09.12.15 Sigurd Knudsen som leiar og Jorunn Brakstad som nestleiar. Etter Jorunn Brakstad sin bortgang valde eldrerådet i møte 21.09.17, sak 40 Klara Hansen som ny nestleiar. Randi Iden rykka opp som 1. varameldem og kommunestyret valde i møte 08.11.17, sak 103 Wenche Ervik Sæle som 2. varamedlem.

I 2019 fram til desember har Eldrerådet hatt 5 møte. Eldrerådet skal ha siste møte 5. desember 2019.

Eldrerådet har handsama 17 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker eldrerådet har fått til uttale:

- 1. Oppstart reguleringsendring Litlebergen – gbnr 26/31**
Eldrerådet har ingen merknader til reguleringsendringa.
- 2. Områdeplan for Rylandshøgda – høyring og offentlig ettersyn**
Eldrerådet gir følgjande uttale:
Det bør lagast ekstra overgang for skuleborn/mjuke trafikkantar i områdeplan for Rylandshøgda til Rosslund skule.

3. **Reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka, gbnr 22/85 m.fl. – Høyring og offentlig ettersyn**
Eldrerådet har ingen merknader til planen.
4. **Reguleringsplan for Fossesjøen – Høyring og offentlig ettersyn**
Eldrerådet gir følgjande uttale:
Det er viktig at det vert lagt inn fartsdumpar i reguleringsplanen for Fossesjøen. Dette for å verne mjuke trafikkantar.
5. **Reguleringsplan for Meland kyrkjegard, endring – Høyring og offentlig ettersyn**
Eldrerådet viser til tidlegare vedtak i møte 26.04.18.
Eldrerådet vil peike på at veg frå eksisterande fylkesveg/parkeringsplass får så jamn stigning som mogeleg. Viktig at inngripen i naturen vert så liten som mogeleg.
6. **Detaljregulering fv. 564/244 Frekhaugkrysset**
Eldrerådet sluttar seg til vedtak gjort i utval for drift og utvikling 11.06.2019.
Eldrerådet vil i tillegg peike på at det må kome bru for gåande og syklande. Dersom ikkje, så må det vere eit minimum at det vert regulert med lyskryss.

Saker eldrerådet har fått til uttale:

7. **Høyring – ny budsjett og regnskapsforskrift og ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsettelse og for ungdom**
Eldrerådet kom med følgjande uttale:
 1. Det må være ei forskrift for kvart råd, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd.
 2. Forskrifta må være på begge målføre, nynorsk og bokmål.
8. **Tannhelse for eldre:**
Eldrerådet ber om at kommunestyret vender seg til statlege myndigheiter for å utvida tannhelsetenesta for eldre inn i folketrygda.
9. **Reglement for Alver Eldreråd**
Rådet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, av dess skal 2 veljast frå kommunestyret og 7 etter framlegg frå pensjonistlaga/helselag.
 1. Det må tilstrebast god geografisk spredning på medlemmene.
 2. Dei 2 som er politisk valde til Eldrerådet, der må ein være medlem av Utval for helse og omsorg og ein frå utval for plan, areal og miljø.
10. **Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune**
Eldrerådet har ingen merknader til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune.

Saker eldrerådet har teke opp på eige initiativ:

- 11. Solkroken – levegg/støyskjerming**
Eldrerådet ber kommunen sjå på ei løysing for å dempe støyplaga som kjem frå varemottak på Rema 1000 tidleg om morgonene (i6.tida).
- 12. Stoda i pleie og omsorg**
Det er avdekka eit stort behov for bustader med heildøgnspleie.
Leiar i Eldrerådet vil ta kontakt med leiar for Eldreråda i Radøy og Lindås.
- 13. Ombygging Lerketunet**
Eldrerådet vil rå til at det vert valt ei løysing der ein nyttar kjøkken i to av leilighetane.
Det må og være mogeleg å tilbakeføre til slik det var opprinneleg.
- 14. Trepartsamarbeid – drøftingssak**
Saka vert sendt over til Eldrerådet i Alver kommune. Eldrerådet i Alver bør starte ein prosess i denne saka.
- 15. Testament for Malvin Hylland**
Meland Eldreråd ber det nye rådet ta omsyn til det som heilt klårt er testators vilje, og at midlane som blir delte ut blir nytta til tiltak i tidlegare Meland kommune.
Meland eldreråd ber også om at dei 4 personane som blir peika ut har tilknytning til tidlegare Meland kommune.

Deltaking på kurs og konferansar:

- 16. Den Internasjonale eldredagen 1. oktober**
Arrangement i rådhuset 28.09.
Opning ved ordførar
Kulturinnslag
Helselaget hadde kafé i kantina
Bokdykk med Ingeborg Askeland og Mons Kvamme
Lær om slektgransking
Korleis få ein fin hage på terassen
Lær å lage ein liten syrisk rett
Ope kontor hos ordførar
Ope kontor hos rådmannen i Alver kommune
Premieutdeling - verdensmesterskapet i sykling
I tillegg deltok Pensjonistkoret og Seniordansarane
- 17. Eldrerådskonferansen i Hordaland 2019**
Klara Hansen og Sigurd Knudsen tok del.

Kulturarrangement:

Den kulturelle spaserstokken

Linda Fosse: Dar kjem dampen – framsyning på Eldresenteret og U.L. Framsteg
Rossland
Odd Sætre – skrivekurs på Meland sjukeheim (10 gonger)

Linda Fosse: Juleversjon av Dar kjem dampen på Eldresenteret
Leif Harald Olsvoll saman med barn og barnebarn spelar på sukeheimen (desember)

Leiar og nestleiar i Eldrerådet har jamlege møte med ordførar.

Eldrerådet får innkalling m/sakspapir og protokoll frå Utval for drift og utvikling og Utval for levekår.

Det vert referert i Eldrerådet frå møte i UDU og frå møte i ULK.

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, Meland Helselag Eldresenter, Meland Helselag, biblioteka, ordførar og rådmann.

Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling.

Eldrerådet har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- Leiar Meland sjukeheim Randi R. Minde og leiar heimetentesta orienterte om stoda på Meland sjukeheim og i heimetenesta
- Leiar Meland sjukeheim Randi R. Minde orienterte om ombygging av Lerketunet
- Leiar Meland sjukeheim Randi R. Minde orienterte om at det ligg føre planar frå 01.01.2020 om omlegging av demenstilbodet på dagsenteret.
- Plansakkonsulent Alexander Helle orienterte om områdeplan for Rylandshøgda
- Byggesaksansvarleg Merethe Tvedt orienterte om reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka, gbnr 22/85 m.fl.
- Leiar Meland sjukeheim orienterte om forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

I Lov om Eldreråd av 08.11.1991 står det m.a.:

«Eldrerådet er eit rådgevande organ for kommunen. Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene. Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levevilkåra for eldre.»

Eldrerådet sine oppgåver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som eldreråda skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre.

Eldrerådet er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene. Det skal vere orientert om levevilkåra for eldre i kommunen og følgja med at saker som gjeld dei eldre sine interesser vert ivaretatt på ein god måte.

Eldrerådet ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld **"levevilkåra for eldre"**, slik at Eldrerådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.

Frækhaug, 05.12.2019

ELDRERÅDET I MELAND

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
Sekretær